



Gustav Bergstø står på for etablering av ein fiskebinge i Rosendal (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gustav Bergstø (87), gründer og prosjektutviklar frå Uskedalen, arbeider vidare med å utvikla fiskemogelegheiter for alle.

Til dømes gjev han ikkje opp etablering av eit tilbod nedanfor Rosendalstunet . No har han søkt kommunen om oppføring av ein fiskebinge i sjøen der handikappa kan fiske.

Han har avtale med grunneigar 181/1 om leige av heile strandlinja hans, går det fram av brevet.

- Det må byggjast asfaltert veg heilt utover den eksisterande fylling og sikrast slik myndigheitene forlangar, skriv Bergstø.